

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/6873-4

Stryn kommune - Melkevoll kraftverk - Melkevoll Elvekraft SUS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Under føresetnad av at verneverdiane til vassdraget ikkje vert dårlegare etter ei utbygging rår Sogn og Fjordane fylkeskommune til at det vert gitt løyve til utbygging av Melkevoll kraftverk i Storeelva.
2. Med omsyn til elva sin verdi for turisme og friluftsliv, ber fylkeskommunen NVE vurdere om slukeevna til anlegget bør reduserast. Dette for å sikre vassføringa spesielt tidleg i turist-sesongen, dvs. i mai, juni og deler av juli.
3. Det føreligg eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne innanfor tiltaks-området. Det må difor setjast krav å gjennomføre arkeologisk registrering.
4. Når det gjeld ureining kan miljøtilstanden ikkje verte dårlegare enn god økologisk tilstand.
5. Det må setjast krav til utforming og landskapstilpassing av tiltaket.

Vedlegg:

- Melkevoll kraftverk – søknad med miljørapport.
- Brev frå NKA til NVE med krav om gjennomføring av arkeologisk registrering.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Melkevoll kraftverk vil ha ein installert effekt på 0,99 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 3,77 GWh. Føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. Med ei maksimal slukeevne på 2500 l/s vert i overkant av 50% av middelvassføringa igjen i elva ved produksjon.

2. Bakgrunn for saka

Melkevoll kraftverk vil nytte eit fall på 43 m mellom kote 123 og 80 i Storelva. Vassvegen mellom inntaket og kraftstasjonen vert eit nedgravd røyr med lengd 555 m. Det må byggjast ein veg på 70 meter til kraftstasjonen. Middelvassføringa ved inntaket er 5,09 m³/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2,5 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 3,77 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 550 m lang elvestrekning i Storelva, som er ein del av det verna Oldenvassdraget. Det er planlagd å sleppa ei minstevassføring på 300 l/s heile året. Elva renn stort sett i strykparti og i nokre små fossar på heile strekninga.

Prosjektet vil gje verdiskaping i lokalsamfunnet, til Melkevoll Bretun, straum til eige bruk og inntekter ved sal av overskytande straumproduksjon. Kraftverket er berekna å produsere 3,77 GWh i eit middels år. Utbyggingstkostnaden er på kr 3,42 per KWh installasjon.

Oldenvassdraget er eit verna vassdrag. Vassdraget er verna gjennom verneplan I for vassdrag (1973). Vassdraget blei verna særleg på grunn av dei omfattande naturvitskaplege interessene. Det kan i verna vassdrag gjevast løyve til bygging av mini- og mikrokraftverk, med installert effekt mindre enn 1 MW. Vassressurslova gjev likevel klare avgrensingar for kraftutbygging i dei verna vassdraga. Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. NVE kan avslå søknader utan ytterlegare handsaming av omsyn til verneverdiane. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi har frist for å gje uttale til 18. oktober.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring i Storelva, 50% av midlare vassføring. Det vil kunne ha påverknad når det gjeld landskap og då også turismen i dalen. Konsekvensen for friluftsliv, kulturminne og brukarinteresser kan forbetrast dersom ein kan nytte traseen over røyrgata som tursti knytt saman med allereie eksisterande sti-system for området.

Redusert vassføring vil truleg òg påverke artar som er knytt til elvestrengen, som t.d. mose- og lavflora. Av raudlista artar og naturtypar er det registrert to lavartar, og ein mindre område med naturtypen beiteskog.

3. Vurderingar og konsekvensar

Klima- og miljøkonsekvensar

Prosjektet vil gje samfunnsmessige gevinstar i form av auka produksjon av fornybar energi, og verdiskaping i lokalsamfunnet, til Melkevoll Bretun, straum til eige bruk og inntekter ved sal av overskytande straumproduksjon.

Nærområdet til utbygginga er prega av tidlegare inngrep i form av industri, campingplass, turist-senter med overnatting og store parkeringsareal, og minikraftverk med inntak i Briksdalselva. Ei 22kV høgspenning leidning går gjennom dalen, i dalbotnen langs elva.

Det er føreslege å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s heile året frå inntaksarrangementet og ut i samløpet i Storelva. Minste slukeevne er på 500 l/s, det vil seie at kraftverket ikkje vil gå når vassføringa er under 500 l/s. Det vil gjennom heile året bli tilført minimum 300 l/s til elvestrengen, i tillegg og vassmengd utover slukevna. Ved uttak av maksimalt 2500 l/s vert det i overkant av 50% av middelvassføringa igjen i elva ved produksjon.

Det relative uttaket av vatn vil vere stort i periodar med låg vassføring. Dette gjeld òg for perioden mai, juni, og deler av juli i år med middels til låg avrenning, jf. fig. 2 og 3 i vedlegg 4 til søknaden. Uttaket av vatn vil slik vi vurderer det få ein synleg effekt ved Melkevoll Bretun og bilvegen (vegbrua) til Briksdalen i periodar med middels og låg vassføring. Dette vil også gjelde delar av turistsesongen.

Vasskvaliteten er god ved Melkevoll Bretun, men lenger nedstraums nærmare Oldevatnet er det teikn til at det er for mykje næringsstoff. Storelva er gitt ein moderat økologisk tilstand, grunna noko dårlegare vasskvalitet ned i elva.

Vassforskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12 i vassforskrifta. Når det gjeld ureining kan miljøtilstanden ikkje verte dårlegare enn god økologisk tilstand. NVE må vurdere konkret om § 12 i vassforskrifta vert gjeldande for dette tiltaket. Alle løyver til å redusere miljømålet jf. § 12 i vassforskrifta må meldast til fylkeskommunen. Revidert plan for

vassforvaltning (2022 - 2027) vil ha ein oversikt over alle løyver der § 12 i vassforskrifta er brukt for planperioden (2016 - 2021).

I miljørapporten vert det sagt at det for dei fleste verdiane er små konsekvensar av tiltaket, inkl. også friluftsliv og turisme. Området er viktig for friluftsliv både lokalt og regionalt, og ein svært viktig turistdestinasjon for Stryn kommune og for fylket. Det er opplyst at området i dag trekkjer til seg om lag 300.000 gjester. Begge disse interessene er i miljørapporten vedlagt søknaden vurdert til å ha stor verdi i området. Når det gjeld omfang av tiltaket og vurdering av konsekvens vert tiltaket vurdert til å ha intet omfang for friluftsliv og reiseliv og dermed ubetydeleg konsekvens. Vurderinga av verdi, omfang og konsekvens som konsulenten her nyttar er at tiltaket skal tilpassast landskapet på ein god måte, og at kraftverket også er planlagt gjort til ein attraksjon for turistar. Fylkesrådmannen ser det slik at det å nytte kraftverket til ein attraksjon og som ei erstatning for dei inngrepa vil kome ikkje nyttast som argument for intet omfang og ubetydeleg konsekvens. Viser elles til avsnitt om avbøtande tiltak.

Elva, og dei tydelege naturkreftene elva representerer, er etter vår vurdering ein viktig del av opplevinga for turistane. Konsekvensvurderinga av kva verknader dette vil få for turismen er slik vi kan sjå det ikkje vurdert med bakgrunn i konkrete undersøkingar, og vi er usikre på om konsekvensane av tiltaket for turismen vert så små som det vert konkludert med i rapporten.

At det er opna for at det i verna vassdrag kan gjevast løyve til bygging av små kraftverk inntil 1 MW betyr ikkje at det skal gjevast løyve heilt opp til denne grensa, det må vere tilpassa storleiken på elva. 50 prosent av middelvassføringa på ei strekning på 550 meter er eit stort inngrep i eit verna vassdrag, og Storelva er ei relativt lita elv med store friluftsliv- og reiselivsinteresser knytt til seg.

Kulturarv

Det ligg ikkje tidligare automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte bygningar innanfor tiltaksområde. Tiltaksområdet består i øvre del hovudsakleg av blokkmark og rasmasser. I nedre halvdel er terrenget meir ope og det førekjem dyrka mark. Den dyrka marka vert etter planen råka av planlagt massedeponi.

Fylkeskommunen meiner det føreligg eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområde. Det kan vere i form av førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor eller utmarkskulturminne. Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering, jf. vedlegg.

Inntaket til Melkevoll kraftverk er lagt til samløpet mellom Volefosselva og Storelva. Storelva er skapt av samløp mellom elvane frå Briksdalsbreen og Melkevollbreen noko lenger oppe i vassdraget. Samla utgjer dei tre elvane ein del av Oldenvassdraget. Briksdalen er eit av dei store turistmåla både i Nordfjord og i midt-Noreg. Mange søker til Briksdalen for å oppleve breen, fossane, elva og den storslåtte naturen i dette frodige dalføret.

Storeelva utgjer eit vesentleg landskapselement i det overordna landskapsrommet innover mot Briksdalen. Elva er fleire stader lett synlege frå vegen og spesielt rundt inntaket ved Volefosselva og Melkevoll Bretun. Området her er mykje brukt til tur- og friluftsliv både sommar og vinter. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande.

Utbygginga av Melkevoll kraftverk vil føre til redusert vassføring i elva mellom inntaket og kraftverket. Vassføring vil verte halvert ved full slukevne i forhold til middelsvassføring. Ei slik utbygging vil etter vår vurdering heilt klårt påverke Storelva som landskapselement. Dei planlagde inngrepa, vil påverke landskapet, kulturmiljøet og strukturar både over og under bakken. Det er vanskeleg å sjå at avbøtande tiltak kan bøte på dei skadane den planlagde utbygginga legg opp til.

Avbøtande tiltak

Ei viktig oppgåve i samband med slike utgreiingar er å vurdere tiltak (tilpassingar/ endringar) som kan bidra til å avgrense verknaden av sjølve tiltaket. Dette som ei tilleggsopplysning til sjølve konsekvensutgreiinga. Dersom det vert føreslått avbøtande tiltak, og tiltaka kan bidra med å endre konsekvensen av inngrepet, bør det gjerast greie for korleis dei avbøtande tiltaka vil endre konsekvensen. Tiltakshavar bør òg gjere greie for om dei føreslåtte avbøtande tiltaka er realistiske og gjennomførbare.

I miljørapporten under avbøtande tiltak er det berre hekkedassar for fossefall som er omtala som avbøtande tiltak. I sjølve søknaden står det i tillegg at røytraseen skal landskapstilpassast og revegeterast naturleg, deponiområde skal tilpassast stadleg terreng og revegeterast, inntakskonstruksjonen skal spesialtilpassast området og bruken av området, og til sist skal kanalen plastrast og tilpassast elveløpet. Det er i mindre grad omtala korleis dette er tenkt gjort, og om dei avbøtande tiltaka som er føreslegne er gjennomførbare, t.d. landskapstilpassing og eventuelle inngrep i Storeura. Det er heller ikkje utarbeidd visualiseringar som viser korleis det vil sjå ut etter endt utbygging. Manglande visualiseringar, og mangefulle vurderingar når det gjeld avbøtande tiltak gjer det krevjande å vurdere søknaden.

4. Konklusjon

Ein føresetnad for å gje løyve må vere at verneverdiane i det verna vassdraget ikkje vert dårlegare etter ei utbygging.

Dei positive lokale ringverknadane av tiltaket må tilleggast vekt. Fylkesrådmannen er likevel usikker på om vurderingane som er gjort i høve landskapsoppleving og tekniske inngrep, opp mot turisme og friluftsliv er dekkande. Mengd vatn i elva, og dei sterke naturkreftene vatnet representerer, vil slik vi vurderer det ha større verdi for friluftsliv og turisme enn det som er konkludert med i miljørapporten. Ut frå omsynet til turisme og friluftsliv bør det vurderast om slukeevna til anlegget skal reduserast. Dette for å sikre vassføringa i vassdraget spesielt tidleg i turistsesongen, dvs. mai, juni og deler av juli.

Når det gjeld ureining kan miljøtilstanden ikkje verte dårlegare enn god økologisk tilstand.

Det føreligg eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområde. Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering.